



Møteprotokoll for Plan- og kommunalteknisk utval

Møtedato: 08.05.2019
Møtestad: Osterøy rådhus - heradsstyresalen
Møtetid: kl. 13:00 – kl. 17:05

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Atle Solberg	H	Utvalsleiar
Annbjørge Bysheim Herland	KRF	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Lars Fjeldstad	SP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Andrea Hartveit	AP	For Ø. Litland i sak 054
Geir Olsen	AP	For T. Åsheim i sak 054
Inge Halland	H	Lars Fjeldstad

Følgjande frå administrasjonen møtte: Leiar teknisk forvaltning og utvalssekretæren. Sektorleiar samfunnsutvikling møtte i sak 048.

Sakliste

Saknr	Tittel
044/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/19	Godkjenning av møtebok
046/19	Referatsaker og meldingar
047/19	Delegerte saker
048/19	1.GONGS HANDSAMING AV DETALJREGULERING HOLMANE NÆRING-FOTLANDSVÅG PLANID 12532013004
049/19	Politisk avklaring. Detaljregulering, Kvernskarhaugen, Fotlandsvåg

- 050/19 135/120 Rundhovde - Søknad om dispensasjon - oppføring av mur utanfor byggegrensa
- 051/19 Delingssak GBNR 145/7 - Reigstad - Klage på vedtak i søknad om deling av grunneigedom etter jordlova
- 052/19 1/27 Loftås - Søknad om oppføring av garasje - klage på avslag
- 053/19 Landbrukssak GBNR 41/7 - Mæle - Klage på avslag på søknad om løyve til omdisponering av landbruksjord etter jordlova
- 054/19 58/1 Askeland Søndre - Avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom - handsaming av klage
- 055/19 152/3 - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - nausttomt
- 056/19 Landbrukssak GBNR 21/5 - fnr. 16 - Hakenes - Klage på vedtak etter jordlova - innløyising av festetomt
- 057/19 Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2019-2021

044/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, viste til sak 056 og tok opp spørsmål om den burde vore trekt, jfr. tidlegare handsaming og vedtak i denne saka.

Utvalseiar bad om at dette spørsmålet eventuelt vart teke opp i samband med handsaminga av saka seinare i møtet.

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Sak 054 vert handsama etter sak 047 av omsyn til møtande varamedlemmer."

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegget om endring i saksrekkjefølgja.

Utvalseiar viste til sak 048 og at det vil bli gitt ei kort orientering v/sectorleiar om planframlegget før utvalet si handsaming.

Det vart varsla nokre spørsmål til slutten av møtet.

Innkalling og sakliste med vedteken endring i saksrekkefølge vart godkjend.

PL - 044/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste med vedteken endring i saksrekkefølge vert godkjent.

045/19: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå 10.04.2019 vert godkjend.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det var ikkje merknader til utsend protokoll frå 10.04.2019.

PL - 045/19 VEDTAK:

Møteprotokoll frå 10.04.19 vert godkjend.

046/19: Referatsaker og meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 046/19 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

047/19: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

DS-sak 120/19

Atle Solberg, H, bad om status for tilkopling til offentleg V/A - anlegg for bustadbygget.

Leiar teknisk forvaltning svara at kommunen ikkje har motteke søknad om tilkopling til offentleg anlegg.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PL - 047/19 VEDTAK:

Melding om delegerte vedtak vert teken til vitande.

Sak 054/19 vart handsama etter sak 047/19, jfr. vedtak om endra saksrekkefølge i sak 044.

054/19: 58/1 Askeland Søndre - Avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppretting av ny grunneigedom - handsaming av klage

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Klaga får ikkje medhald i klage av 20.02.2019, vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 23.01.2019 saksnr. 005/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Utvalsleiar bad om vurdering av gildskap for Øyvind Litland og Torunn Åsheim, begge AP. Han viste til tidlegare handsaming av ugildskap for dei i PT-sak 005/19 og tidlegare saker. Dei fekk høve til å uttala seg om si vurdering av gildskapsspørsmålet, men tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Andrea Hartveit, AP og Geir Olsen, AP møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - gildskap

Øyvind Litland vart kjend ugild med 5 røyster (2H,1MDG,1FRP,1KRF) mot 2 røyster (2AP)

Torunn Åsheim vart kjend ugild med 5 røyster (1H,1MDG,1FRP,2KRF) mot 2 røyster (2AP)

Vedtaket vart gjort med heimel i forvaltningslova § 6, 2. ledd *Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal elles legges vekt om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

Utvalet viser også til Fylkesmannen si vurdering og konklusjon i gildskapsvurdering av desse utvalsmedlemmene i brev av 20.06.18.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følgje."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	6 røyster (2H,2AP,1MDG,1KRF)
Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg	-	1 røyst (1FRP)

PL - 054/19 VEDTAK:

"Klagar får ikkje medhald i klage av 20.02.2019, vedtak i plan- og kommunalteknisk utval av 23.01.2019 saksnr. 005/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 23.01.2019 saksnr. 005/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

Etter sak 054/19 gjekk ein vidare etter oppsett saksrekkefølgje.

Andrea Hartveit, AP og Geir Olsen, AP, gjekk frå møtet etter sak 054. Øyvind Litland, AP og Torunn Åsheim, AP, kom tilbake til møtet – 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

048/19: 1.GONGS HANDSAMING AV DETALJREGULERING HOLMANE NÆRING-FOTLANDSVÅG PLANID 12532013004

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til detaljregulering Holmane næring- Fotlandsvåg planID 12532013004 med plankart datert 10.04.19, føresegner datert 16.04.19, planskildring datert 10.04.19 og VA rammeplan datert 18.03.19 med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10.

Før detaljreguleringa vert vedteken skal reell faresonekartlegging med sone for skredfare 1/100, 1/1000 og 1/5000 vere gjennomført og kartfesta i plankartet.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Sektorleiar Berit Rystad møtte og orienterte om planframlegget og svara på spørsmål knytt til dette. Ho tilrådde å ta ut siste setninga i forslag til vedtak, då dette ikkje er nødvendig slik planframlegget no ligg føre med ei avgrensing på 25 arbeidsplassar i kvart bygg.

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg om endring i rådmannen sitt framlegg til vedtak: "Siste setning i framlegget vert teke ut."

AVRØYSTING

Atle Solberg sitt framlegg	-	samrøystes tilrådd (2H,2AP,1MDG,1FRP,1KRF)
Rådmannen sitt framlegg del 1	-	samrøystes tilrådd (2H,2AP,1MDG,1FRP,1KRF)

PL - 048/19 VEDTAK:

Innstilling:

"Framlegg til detaljregulering Holmane næring- Fotlandsvåg planID 12532013004 med plankart datert 10.04.19, føresegner datert 16.04.19, planskildring datert 10.04.19 og VA rammeplan datert 18.03.19 med tilhøyrande dokument vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan-og bygningslova § 12-10."

049/19: Politisk avklaring. Detaljregulering, Kvernskarhaugen, Fotlandsvåg

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planinitiativet vert avist jamfør pbl § 12-8. Heradsstyret rår forslagstillar til å kome med innspel om bustadområdet ved rullering av kommuneplanens arealdel.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Plan- og kommunalteknisk utval rår til at søkjar får løyve til oppstart av detaljregulering av det føreslegne arealet til bustadføre mål. Grunngeving: Det er svært få byggjeklare tomter i Fotlandsvågområdet. Det skal vera to tomter att i Hanstveit II. Desse har lege lenge og er truleg lite attraktive. Fotlandsvåg er i god utvikling på næringssida, jfr. Holmane næring, og det er viktig at det vert følgd opp med nok tilgang på bustadtomtar. Å venta på rullering av KPA kan vera ein svært usikker tidsplan."

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Planinitiativet vert støtta og sett på som eit positivt initiativ. Plan- og kommunalteknisk utval rår formannskap og heradsstyre til å fatta likelydande

positive vedtak. Grunngeving: Det er lite tilgjengeleg byggeland i denne bygda. Difor er det viktig at me støttar opp om slike initiativ og møter det på ein positiv måte. Me kan ikkje sjå at dette vil komme i konflikt med framtidige og eksisterande planar."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.30 - kl. 14.50 med gruppemøte for AP, MDG, H og KRF.

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.55 - kl. 15.00 med gruppemøte H og FRP.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, trekte sitt framlegg.

Atle Solberg, H, endra sitt framlegg til fellesframlegg frå H og FRP

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Felles framlegg H/FRP	-	3 røyster (2H,1FRP)
Rådmannen sitt framlegg	-	4 røyster (2AP, 1MDG, 1KRF)

PL - 049/19 VEDTAK:

Innstilling:

"Planinitiativet vert avist jamfør pbl § 12-8. Heradsstyret rår forslagstillar til å kome med innspel om bustadområdet ved rullering av kommuneplanens arealdel."

050/19: 135/120 Rundhovde - Søknad om dispensasjon - oppføring av mur utanfor byggegrensa

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev ikkje dispensasjon frå reguleringsføresegn § 6 punkt 6.1.1, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 2 til oppføring av mur utanfor byggegrensa mot regulert gangveg f_G2 og o_G3, kollektivhaldeplass o_K, fylkesveg 365 o_V3 og annan veggrunn på gnr. 135, bnr. 120, Rundhovde, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngeving:

Det er ikkje søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegn § 6, punkt 6.3.2.

Tiltaket er i strid med kommuneplanføresegn punkt 1.6.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er ulempene med å gje dispensasjon større enn fordelene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

10.04.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Rådmannen opplyste til at ettersend dispensasjonssøknad er motteken inn i dag.

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget - samrøystes vedteke

Rådmannen bad om forlenga sakshandsamingsfrist for saka grunna synfaring.

Utvalsleiar gjorde slikt framlegg: "Av omsyn til synfaring i saka vert saksbehandlingsfristen i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3 forlenga t.o.m. veke 21."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 039/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring.

Av omsyn til synfaring i saka vert saksbehandlingsfristen i medhald av byggesaksforskrifta § 7-3 forlenga t.o.m. veke 21."

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Følgjande dokument vart delt ut til møtet:

- søknad datert 08.04.19 frå Arkoconsult AS om dispensasjon planeringshøyder for felt BK03

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, framlegg til vedtak: "Kommunen gjev dispensasjon dispensasjon frå reguleringsføresegn § 6 punkt 6.1.1, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 2 til oppføring av mur utanfor byggegrensa mot regulert gangveg f_G2 og o_G3, kollektivhaldeplass o_K, fylkesveg 365 o_V3 og annan vegggrunn på gnr. 135, bnr. 120, Rundhovde, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Det vert samstundes gjeve dispensasjon som omsøkt i søknad datert 08.04.2019 frå reguleringsplanføresegn §, 6, punkt 6.3.2.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene."

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.15 - kl. 15.20. Gruppemøte for KRF, AP og MDG 15.15 - 15.25 og for H og FRP - 15.15 - 15.20 og frå kl. 15.20 - kl. 15.25.

Atle Solberg, H, gjorde slikt felles framlegg på vegner av H og FRP: "Tillegg grunngjeving: Fasade mot aust vert betydeleg dempa ved å fjerna sokkeletasjen og erstatta den med gråsteinsmur og beplanta jordskråning mot fylkesveg. Det vert ein betydeleg finare fasade mot fylkesveg og mot bustader på andre sida av fylkesvegen."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Fellesframlegg frå FRP/H	-	samrøystes (2H,2AP,1MDG,1FRP,1KRF)

PL - 050/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå reguleringsføresegn § 6 punkt 6.1.1, jf. plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-7, nr. 2 til oppføring av mur utanfor byggegrensa mot regulert gangveg f_G2 og o_G3, kollektivhaldeplass o_K, fylkesveg 365 o_V3 og annan veggrunn på gnr. 135, bnr. 120, Rundhovde, jf. plan- og bygningslova § 19-2. Det vert samstundes gjeve dispensasjon som omsøkt i søknad datert 08.04.2019 frå reguleringsplanføresegn § 6, punkt 6.3.2.

Grunngjeving: Fasade mot aust vert betydeleg dempa ved å fjerna sokkeletasjen og erstatta den med gråsteinsmur og beplanta jordskråning mot fylkesveg. Det vert ein betydeleg finare fasade mot fylkesveg og mot bustader på andre sida av fylkesvegen.

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelane med å gje dispensasjon større enn ulempene."

051/19: Delingssak GBNR 145/7 - Reigstad - Klage på vedtak i søknad om deling av grunneigedom etter jordlova

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 04.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 09.05.18 vert oppretthalde og saka

vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om frådeling av våningshuset på landbrukseigedomen Reigstad, gnr. 145 bnr. 7 blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§1, 9 og 12 og blir grunngjeven med at frådelinga vil medføre reduksjon i inntekspotensialet til landbrukseigedomen og at oppretting av ein fritt omsetteleg bustadeigedom i eit viktig kulturlandskap aktivt jordbruksområde lett kan medføre konflikhtar mellom bustadinteresser og landbruksinteresser. Ei slik frådeling vil og medføre eit auka press på nedbygging av eit flott kulturlandskap og eit viktig kjerneområde for landbruk.

Saka blir sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Klagen vert teken til følge. Det vert gjeve løyve til frådeling og oppretting av ny parsell som omsøkt. Grunngjeving: Tiltaket er svært likt eit liknande tiltak som vart gjeve løyve til på ein naboeigedom for ei tid tilbake. Dette vart godkjent, og me kan ikkje sjå at det er noko som tilseier at det ikkje bør gjevast løyve her. Ein minner og om at ei frådeling vil auke sjansen for at jorda på avgjevareigedomen vert drifta i framtida."

Torunn Åsheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 051/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

052/19: 1/27 Loftås - Søknad om oppføring av garasje - klage på avslag

Rådmannen sitt framlegg:

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Tiltakshavar får ikkje medhald i klage motteke 12.02.2019, vedtak av 06.02.2019 saknr. 045/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 06.02.2019 saknr. 045/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

10.04.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Atle Solberg, H, bad om vurdering av sin gildskap i saka som næraste nabo og som har sagt ja til bygging i grensa til sin eigedom. Han tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Åshild Rød, V, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Avrøysting gildskap

Atle Solberg, H - vart samrøystes kjend gild.

Vedtaket vart gjort med heimel i fvl. § 6, då utvalet ikkje fann han ugild etter § 6, 1 - 4. ledd.

Atle Solberg, H, kom tilbake til møtet og Åshild Rød, V, gjekk frå møtet - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 041/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Det vart halde synfaring for utvalet før møtet.

Før utvalet si handsaming vart tomtegrensa for eigedomen vist på tomtekartet.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - samrøystes vedteke (2H,2AP,1MDG,1FRP,1KRF)

PL - 052/19 VEDTAK:

"Tiltakshavar får ikkje medhald i klage motteke 12.02.2019, vedtak av 06.02.2019 saknr. 045/19 vert oppretthalde, og klagen vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Det har ikkje kome nye moment i klagen som fører til at kommunen sitt vedtak av 06.02.2019 saknr. 045/19 skal endrast.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

053/19: Landbrukssak GBNR 41/7 - Mæle - Klage på avslag på søknad om løyve til omdisponering av landbruksjord etter jordlova

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 06.06.18 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 08.05.18 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast.

Søknaden om løyve til omdisponering av jordbruksareal for bygging av nytt våningshus på landbrukseigedomen «Mæle», gnr. 41 bnr. 7 i Osterøy kommune blir avslått.

Vedtaket er heimla i jordlova §§ 1 og 9. Vedtaket blir bl.a. grunngjeven med at det ut frå drifta som er på eigedomen ikkje er trong for to bustadhus på eigedomen og at det går ut over dyrka jord som kan føre til auka nedbygging av jordbruksareal i eit viktig jordbruksområde. Det blei seinast i 2007 frådelt dåverande kårhus i frå gardsbruket med grunngjeving av at det ikkje var trong for huset.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

Protokoll plan- og kommunalteknisk utval 08.05.2019

AVRØYSTING - utsetjing

Framlegget vart samrøystses vedteke.

PL - 053/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

Sak 054/19 vart handsama etter sak 047, jfr. vedtak i sak 044 om endra saksrekkefølge i møtet.

055/19: 152/3 - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom - nausttomt

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon frå delingsforbodet i strandsona, jf. kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 1-5, 1-6, 1-8 og 11-9, nr. 5, plankravet i kommuneplanføresegn punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova § 11-9, nr. 1, og arealføremålet i kommuneplanføresegn punkt 2.27, jf. plan- og bygningslova § 11-7, nr. 1, til oppretting av nausttomt med eksisterande naust frå gnr. 152 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg

- samrøystses vedteke (2,2AP,1MDG,1FRP,1KRF)

PL - 055/19 VEDTAK:

"Kommunen gjev dispensasjon frå delingsforbodet i strandsona, jf. kommuneplanføresegn punkt 1.13, jf. plan- og bygningslova §§ 1-5, 1-6, 1-8 og 11-9, nr. 5, plankravet i kommuneplanføresegn

Protokoll plan- og kommunalteknisk utval 08.05.2019

punkt 1.2, jf. plan- og bygningslova § 11-9, nr. 1, og arealføremålet i kommuneplanføresegn punkt 2.27, jf. plan- og bygningslova § 11-7, nr. 1, til oppretting av nausttomt med eksisterande naust frå gnr. 152 bnr. 3, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering er fordelen med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene.

Sjå i tillegg rådmannen si vurdering."

056/19: Landbrukssak GBNR 21/5 - fnr. 16 - Hakenes - Klage på vedtak etter jordlova - innløyising av festetomt

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Klage motteke 06.02.2019 vert ikkje teke til fylgje, vedtak av 17.01.2019 vert oppretthalde og saka vert send til Fylkesmannen i Vestland for handsaming jf. forvaltningslova § 33."

Grunngjeving

Kommunen har ikkje motteke nye moment i klagen som fører til at tidlegare vurdering og vedtak bør endrast. Sjå i tillegg rådmannen si vurdering.

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Rådmannen v/leiar teknisk forvaltning, orienterte om administrasjonen si handsaminga av saka, og kva rettleiing som er gitt til søkjar i tilknytning til denne.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert avvist då det allereie er gjeve løyve, jfr. brev med arkivreferanse 18/1649 - 18/22572 datert 30.11.2018, då det her allereie er gjeve løyve til frådelling av om lag 1100 m2 på denne dato."

AVRØYSTING - avvising

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - fall med 6 røyster (2H,2AP,1MDG,1KRF) mot 1 røyst (1FRP)

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.45 - kl. 16.55 med gruppemøte for H, AP, MDG og KRF.

Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert utsett for synfaring."

AVRØYSTING - utsetjing

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

PL - 056/19 VEDTAK:

"Saka vert utsett for synfaring."

057/19: Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2019-2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2019-2021 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2."

08.05.2019 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd

PL - 057/19 VEDTAK:

"Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2019-2021 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2."

Andre saker/spørsmål

Atle Solberg, H, stilte følgjande spørsmål:

1. Trafikksikringsmidlar – løyving til gangveg Hatland og Loftås – Hauge. Status for framdrift i desse prosjekta.
2. Kommunale utleigebustader Reigstad – planar og framdrift for byggeprosjektet.
3. Kringastemma – status. Pågåande arbeid og behov for lysregulering

Rådmannen kjem tilbake med svar til neste møte.

Øyvind Litland, AP, stilte spørsmål om oppfølging av flytande leidning i Mjeldavatnet. Denne farleg for ferdsele på vatnet. Leidningen må utbetrast og senkast ned att.

Rådmannen avklarar oppfølging kring dette.

Til å skriva under møteprotokollen saman med utvalsleiar vart desse valde: Annbjørg Bysheim Herland og Ragnar J. Tyssebotn

Lonevåg, 10.05.19

Bente Skjerping
Utvalssekretær

Atle Solberg
Utvalsleiar

Annbjørg Bysheim Herland

Ragnar J. Tyssebotn